



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.02.2013

Vår ref.: 2013/1481

Arkivnr.:

Hå kommune  
Postboks 24  
4368 Varhaug

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Varsel om forvaltningskontroll i Hå kommune**

Etter oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet skal Fylkesmannen følgje opp kommunane i forvaltninga av økonomiske og juridiske verkemiddel og regelverk knytt til inntekter og velferd for gardbrukaren, og sjå til at forvaltninga skjer i samsvar med overordna nasjonale føringar.

Vi skal gjennomføre risikobaserte forvaltningskontrollar av kommunane innan landbruksområdet.

Vi varslar med dette om forvaltningskontroll med landbruksforvaltninga i Hå kommune. Vi foreslår tre datoar som de kan velje mellom: 13.03, 14.03. eller 21.03. Vi ber om rask tilbakemelding om kva dag som passer.

Heimel for kontrollen er reglement for økonomistyring i staten av 01.01.2006 § 15 og § 11 i forskrift om produksjonstilskot og avløysarutgifter ferie- og fritid.

Tema for kontrollen vil være sakshandsaming i samband med vedtak, der det blir gått nærare inn på forvaltning av regelverket om produksjonstilskot og avløysartilskot ved ferie- og fritid. Vi ynskjer å sjå spesielt på korleis kommunen vurderer driftsfellesskap mellom to eller fleire føretak og korleis regelverk for beitetilskot blir praktisert. Andre tema vi kan kome inn på, vil være regionalt miljøprogram og SMIL-midlar.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

09:00-09:30 Formøte, med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang

09:30-14:00 Intervju/gjennomgang av dokument

14:00-15:00 Sluttmøte, med oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det vert lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og sakshandsamar(ar). I tillegg er det ein føresetnad at rådmann/kommunalsjef, har høve til å delta gjennom heile møtet.

Frå Fylkesmannen vil landbruksdirektør Hadle Nevøy eller assisterande landbruksdirektør Anfinn Rosnes møte i tillegg til sakshandsamarar.

**Ta kontakt om det er spørsmål om gjennomføring av kontrollen.**

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Ragnhild Hole  
rådgjevar

---

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Ragnhild Hole  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 81  
E-post: [fmrorho@fylkesmannen.no](mailto:fmrorho@fylkesmannen.no)